



Karmøy kommune  
Postboks 167  
4291 KOPERVIK

Vår dato: 03.11.2020  
Vår ref: 2020/10754  
  
Dykkar dato: 28.10.2020  
Dykkar ref: 20/5507

Kontakt saksbehandlar  
John Inge Johnsen, 51 56 89 09

## Uttale til plan for nydyrkning på gnr. 7/6 Nygård, Karmøy kommune

**Fylkesmannen rår frå nydyrkning av om lag 12 da kysthei med noko tresetting, som har verdi for truga artar som er i sterkt tilbakegang. Dyrkinga er i strid med føremålet om å ta omsyn til natur- og miljøverdiar, jf. § 1 i nydyrkingsforskrifta.**

Vi viser til brev av 28.10.2020 frå Karmøy kommune, kor kommunen ber om uttale etter nydyrkingsforskrifta § 9 i høve fylling og nydyrkning av om lag 12 da utmark. Arealet er vist på kart, men sjølve nydyrkingsøknaden, opplysningar om bruket og nærmere beskriving av tiltaket manglar. Søknaden har og vore til uttale hjå Fylkesmannen i høve massedeponi. Søkjer har i ettertid endra og auka avgrensinga av dyrkingsfeltet og trekt dette mot nordvest. Då kommunen har kapasitetsmessige utfordringar knytt til eigen natur- og miljøfagleg kompetanse vert saka oversendt Fylkesmannen for uttale, med høyringsfrist 30.11.2020.

### Vurdering

Som nydyrkingsøknad er saken mangelfullt opplyst!

Nydyrkingsforskrifta er heimla i § 11 i jordlova der det står: «For å unngå skade på natur og kulturlandskap, kan departementet gi føresegner for nydyrkning». Føremålet med nydyrkingsforskrifta er å sikre at nydyrkning skjer på ein måte som tar omsyn til natur og kulturlandskapet. Saka er sendt i høve forskrift om nydyrkning § 9, kor omsynet til natur og kulturlandskapsverdiar skal vurderast for større område uavhengig av eigedomsgrenser. Fylkesmannen skal då uttale seg der nydyrkninga kan røre ved vesentlege miljøverdiar.

Ut frå flybilete inngår omsøkte areal i randsona til eit større lågareliggende utmarksareal med myr og kysthei, kor deler av randsona gror til med busk og tre. Kysthei er i seg sjølve ein sterkt truga naturtype, noko attgroing, utbygging og dyrkingspress gjer uttrykk for. Området er elles eit regionalt viktig viltområde då fleire av artane som har tilhald her, er oppført på raudlista, som til dømes vite (sterkt trua), storspove og vassrikse (sårbare) og bergirisk, sevsporv og sandsvale (nær trua). Arealet ligg i låglandet, om lag 20-25 m oh kor artsmangfaldet er normalt høgt. Ein fylling og dyrking som omsøkt vil fragmentere eit viktig kystheimområde, som utgjer ein viktig biotop for trua artar.



Fleire artar som er avhengige av eit meir ekstensivt drifta landskap er i sterk tilbakegang sidan drifts- og landskapsendringane fører til at leveområda deira blir borte. Randsoner er mellom anna viktige for vilt og insekta i jordbrukslandskapet. Ein av grunnane til at karakteristiske fuglearter for jordbrukslandskapet som til dømes vipe, storspove mfl. er i stor tilbakegang er nettopp at levestadane deira vert borte. Desse artane trivst i meir ekstensivt drifta landskap. Området sin storleik og opne preg, samt mangel på bygg reknast som viktige faktorar for at området er viktig for hekkande vadefugl.

Vi viser i så måte til rundskriv T-2/16 «*Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet-klargjøring av miljøforvaltingens innsigelsespraksis*»: Motsegn skal vurderast når foreslått ny arealbruk i planforslag vil komme i konflikt med mellom anna trua arter og deira leveområde, jf. norsk raudliste for arter.

Vi viser til vassforskriftas mål om god økologisk tilstand for alle vassførekomstar, samt kravet om å beskytte vassførekomstane mot forverring. For å oppnå dette, er det viktig at «restareal» i nedbørsfeltet vert ivaretatt og forvalta på ein berekraftig måte.

### Konklusjon

Føremålet med nydyrkingsforskrifta er å sikre at nydyrkning skjer på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskapet. Kystheia kring Nordavatnet - Rossafjellet er eit variert og viktig kulturlandskap med stor verdi for fuglar i jordbrukslandskapet. Slike område er i ferd med å forsvinne grunna i nydyrkning og utbygging. Ein stadig fragmentering er med på å svekke områdets verdi og vil redusere ein viktig biotop for trua arter som bl.a. vipe og storspove.

Vi viser elles til naturmangfaldlova jf. § 4-14 om berekraftig bruk, kor Karmøy kommune har eit særskilt forvaltingsansvar. §§ 4 og 5 omhandlar forvaltningsmål for økosystem og arter, § 6 om plikt til aktsamheit og § 7 prinsipp for offentleg avgjerd, kor kommunen pliktar å vurdera saka i høve §§ 8-12, i dette lovverket.

Sjølv om arealet er endra i plassering og storleik vil same moment som nemnt ovanfor måtte leggast til grunn for det nye arealet. Vi vil derfor sterkt rá frå deponering og oppdyrkning av omsøkte areal.

Vi ber om å få oversendt kopi av endeleg vedtak.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernsjef

John Inge Johnsen  
naturvernkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I ROGALAND Gamle Jåttåvågen 67 4020 STAVANGER



Side: 3/3